
HEIDERSPRIS FØRDE IL



GUNNAR GYTRI

2020

Gunnar Gytri f. 1955 starta si o-karriere i Fana IL i 1969, seinare medlem i Emblem IL 1983-85. Førde IL frå 1986. Gunnar har delteke aktivt både innanlands og utanlands. Han har ei rekkje DM og KM titlar i aldersbestemte klassar, senior og veteranklassen. Vidare så har han delteke i store løp i Sverige, Sveits og Skottland. Her det også vorte fleire sigrar.

Førde IL orientering (1986 – d.d)
1986 – d.d: Har i Førde, både som tillitsvald og profesjonelt, arbeidd med alle sider av o-idretten: Rekruttering, trening, arrangement, tur-o og utarbeiding av kart. Løypeleggar på ei rekkje av Førde IL sine arrangement av Fjord-O, Sunnfjord-Orienteringa, KM etc.

Sogn og Fjordane orienteringskrins (SFOK)
1986 – 2000: Krinssekretær

Norges Orienteringsforbund (NOF)
2000 – 2012: Kartkonsulent, kombinert med engasjement for SFOK fram tikl 2012.

Eige kartfirma:
Etablerte i 2000 eige kartfirma. Sysselsett på full tid sidan 2012. Pådrivar i å modernisere kartproduksjonen gjennom nye prinsipp, synfaring, teikning og digitalisering.

Førde 25.03.2021

Arne Helgheim
Styreleiar Førde IL